

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Dispensasjon til utviding av gravplass og omlegging av tilkomst, gbnr 108/627 m. fl., Alver kommune

Viser til brev datert 17.09. 2020 og 29.09. 2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

### Om tiltaket

Saka gjeld søknad om etablering av grav- og urnelund på areal regulert til føremålet. Gjeldande plan er Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad. Arealføremålet er spesialområde Grav og urnelund. Tiltaket treng dispensasjon fra reguleringsplanen for flytting og parkering langs fylkesveg og gangveg fram til eksisterende gravplass.

### Vurdering

Den Trondhjemske Postvei (Askeladden-ID 246536), krysser planområdet. Ein del av traséen går gjennom den eksisterande gravplassen, medan ein annan del med litt varsam vegetasjonsskjøtsel vil vere lett synleg i terrenget.

Postvegen er statleg listeført og har nasjonal verdi og høg regional interesse. I kommuneplanen sin arealdel for Lindås kommune, som vart vedteken oktober 2019, er den også lagt inn med omsynssone for bevaring av kulturmiljø (SOSI-kode H50) med tilknytte retningsliner i føresegndene, § 4.2.4:

*«Heile det historiske vegane legget Den Trondhjemske postvei innanfor område H570 skal bevarast, dvs. vegbane og vegbreidde. Tiltak som kan gjøre skade på postvegen, endra vegen sin karakter eller som utilbørleg skjemmer kulturmiljøet er ikkje tillat med mindre det ligg føre løyve frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.»*

I det omsøkte tiltaket er det planlagt mellom anna innkøyring, parkeringsplassar, terrengmur og oppstillingsplass over den delen av postvegen som ligg sør-vest for den eksisterande gravplassen. Tiltaket vil dermed etter Vestland fylkeskommune si vurdering vere i konflikt med nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Vi rår til at innkøyring, parkeringsplassar, oppstillingsplass m.m. vert flytta og tilpassa slik at tiltaket ikkje skadar postvegen, endrar vegen sin karakter eller utilbørleg skjemmer kulturmiljøet.

### Konklusjon

Vestland fylkeskommune rår ifrå at det vert gjeve dispensasjon til utviding av gravplass og omlegging av tilkomst på gbnr. 108/627 m.fl. i Alver kommune slik planen for tiltaket ligg føre, og ber om at det i tiltaket vert teken særskilt omsyn til Den Trondhjemske Postvei. Vi ber om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik  
konstituert fagleiar

Helene Moe  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Sakshandsamarar: Sigrun Wølstad, Helene Moe